

BACHELOROPPGÅVE BARNEHAGELÆRAR

"Barnehagen, den nye skulen?"

- Ei bacheloroppgåve om læring i barnehagen og plassen den har.

RAGNHILD SLETTVOLD STRØMME



**HØGSKULEN
I VOLDA**

Forord

I startfasen av denne studien vart det ein del avvegringar når eg skulle bestemme meg for tema, då det er mykje spennande å skrive om innanfor barnehagefeltet. Eg bestemde meg derfor for å finne ut kva tema som er aktuelt i dagens barnehagar og landa då på temaet læring.

*Det har vore både krevjande og spennande å jobbe med denne oppgåva, og eg vil nytte anledninga til å takke alle mine informantar og rettleiaren min Torhild Høydalsvik for all hjelp og støtte underveis i arbeidet. Eg føler også at eg må takke familie og vener for deira tolmod med meg i denne perioden, samt moralsk støtte i arbeidet. **Tusen takk!***

Abstract:

This study investigated the propriety of learning in modern day kindergartens. Three kindergarten teachers (Pedagogical leaders) from different kindergartens were interviewed. The study focuses on how the educators perceive the view on teaching in the frameworks for kindergartens (Ministry of Education and Research, 2011) and how they themselves perceive the space teaching takes up in the kindergarten, in correlation to the views of the frameworks. All interviews were analyzed and interpreted by the author of the study, and the findings were argued in light of the relevant theory and resources.

The participants in the study made correlative suggestions as to how learning is closely tied to the terms development and experience, suggesting that learning involves the child as a whole and is something that happens on a daily basis in a kindergarten setting.

In the study it's made evident that the participants experience pressure from outside forces such as schools, political and people in general outside the kindergarten setting. The participant feel learning and education takes a lot of room in the everyday workings of a kindergarten, but they also agree that it should have a place of priority in kindergartens. The kindergarten is no longer just a day care, where children are simply looked after, but a venue for learning

Innholdsfortegnelse

1.0. INNLEIING	3
1.1. AVGRENSING AV PROBLEMSTILLINGA.....	3
1.2. OMGREPSSAVKLARING.....	4
1.3. OPPGÅVAS OPPBYGGING.....	4
2.0. TEORETISKE PERSPEKTIV PÅ LÆRING I BARNEHAGEN.....	4
2.1. HEILHEITLEG LÆRING.....	5
2.2. LEIK OG LÆRING.....	5
2.3. KVA SEIER RAMMEPLANEN OM LÆRING?.....	6
2.4. DEI Sju FAGOMRÅDA I RAMMEPLANEN	7
2.5. SYNLEGGJERE LÆRING	8
2.6. AKTUELL FORSKING PÅ FELTET	8
3.0. METODE.....	10
3.1. KVALITATIV OG KVANTITATIV METODE	10
3.2. SEMISTRUKTURERT INTERVJU.....	11
3.3 ANALYSE.....	12
3.4. PRESENTASJON AV INFORMANTAR.....	13
3.5. VALIDITET OG RELIABILITET	13
4.0. EMPIRI.....	14
4.1. OMGREPET LÆRING.....	14
4.2. LÆRING I KVARDAGSSITUASJONAR.....	15
4.3. SYNLEGGJERING AV LÆRING	17
4.4. LÆRINGA SIN PLASS I BARNEHAGEN	18
4.5. ENDRA LÆRINGSSYN I EIT TIDSPERSPEKTIV.....	19
5.0. DRØFTING	20
5.1. OMGREPET LÆRING.....	20
5.2. LÆRING I KVARDAGSSITUASJONAR.....	21
5.3. SYNLEGGJERING AV LÆRING	23
5.4. LÆRINGA SIN PLASS I BARNEHAGEN	24
5.5. ENDRA LÆRINGSSYN I EIT TIDSPERSPEKTIV.....	25
6.0. OPPSUMMERING	26
LITTERATURLISTE	28
VEDLEGG.....	29
1. INTERVJUGUIDE	29
2. E-POST TIL STYRAR.....	30
3. SAMTYKKESKJEMA	31

1.0. Innleiing

I dagens Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen (2011) vert omgrepene læringslagt mykje vekt på, og det kan virke som at kravet til barnehagane har økt når det gjeld læringslagt i barnehagekvardagen. Om ein ser på kor mange gongar læringslagt står i Rammeplanane som har vert gitt ut, kan ein sjå at frå 1996 Rammeplanen til 2006 utgåva har talet økt frå 64 gongar til 105. Dette er ei vesentleg endring, og seier meg at læringslagt har kome meir i fokus no og skal difor vere meir av i barnehagekvardagen også. Vi kan kanskje også tolke det dit at det vert meir av læringslagt i barnehagen generelt.

No når læringslagt er meir tydeleg uttrygt i planverka for barnehagane i Noreg, kan det synast som at barnehagen begynner å minne for mykje om skulen og at læringslagta tar for mykje plass. Desse meiningslagtene har kome fram både i media, og eg har også sjølv erfart dei i praksis og i arbeidslivet ute i barnehagane.

Om ein gjer eit sok på nyheitsartiklar som omhandlar læringslagt i barnehagen, blir ein møtt med mange overskrifter som for eksempel "*Læringshysteri i barnehagen*" og "*Målrettet læringslagt i barnehagen virker mot sin hensikt*". Fleirtalet av artiklane har eit negativt syn til det nye fokuset på læringslagt i barnehagen. Mi førforståing knytt til læringslagt i barnehagen er at det begynner å likne for mykje på skulen. Barnehagen skal vere ein plass der barndommen blir tatt vare på, og eg er redd for at alt fokuset på læringslagt kan forhindre den gode barndommen. Barn startar på skulen tidsnok, å presse på med læringslagt for tideleg er ikkje lukrativt slik eg ser det. Men kva er synet til dei som faktisk jobbar i barnehagane, og er dei einige i at læringslagt tar meir plass no enn før? Det er det eg vil finne ut med denne studien. Ut i frå dette formulerte eg problemstillinga:

"Kva plass har læringslagt i barnehagekvardagen?".

1.1. Avgrensing av problemstillinga

Læringslagt i barnehagen er eit stort område å ta tak i, så for å avgrense oppgåva valde eg å fokusere på pedagogane sine meiningslagtene og på kor mykje plass dei opplever læringslagta tar i kvardagen. Eg valde pedagogane fordi det er nettopp dei som legg planar for barnehagekvardagen og dermed dei som vel plassfordelinga, i tillegg er det dei som sit inne med den faglege bakgrunnen.

Før eg avgrensa problemstillinga var eg og interessert i å sjå på forskjellane frå barnehagane før og no, men eg fant ut at dette vart for stort til ein slik studie. Men valde å avgrense det til å lytte til informantane sitt læringssyn, og korleis dei opplever læringssynet har endra seg i

barnehagen. For å svare på problemstillinga på ein slik måte, har eg brukt ein intervjustudie til å få innblikk i læringssynet i dag, og også korleis synet på læring har endra seg endringa gjennom tidene.

1.2. Omgrepsavklaring

Nøkkelomgrepet i problemstillinga er læring. Læring vert av Bø og Helle (2013) definert som ein endringsprosess i menneskets liv, som ikkje er direkte eller indirekte knytta til arvelege faktorar. Det eg forstår med deira definisjon er at læring er ein prosess vi brukar eller opplever for å tilegne oss ny kunnskap på ulike område. I denne studien vil læringsomgrepet vere knytt til Bø og Helle sin definisjon. I barnehagen har ein både bestemt læring og spontan læring, den bestemte er den dei vaksne legg til rette for, medan den spontane er læringa som skjer gjennom for eksempel leik og på barnas eget initiativ. I denne studien er eg ute etter å finne ut kor mykje plass læring tar i barnehagekvardagen, korleis dei jobbar med både den spontane og den bestemde læringa i kvardagen og kva som eventuelt har måtte vike for det nye fokuset på læring.

1.3. Opgåvas oppbygging

Eg vil først legge fram studien sitt teorigrunnlag, og denne delen av oppgåva vil verte delt inn i ulike underoverskifter. Deretter vil eg legge fram mitt val for metode og bakgrunnen for dette valet. I same kapitelet vil også informantane verte presenterte. I kapittel 4 vil den innsamla empirien verte lagt fram, for så å kome med ei analyse før eg i kapittel 5 drøftar kva plass læring har i barnehagekvardagen. I kapittel 6 vert oppgåva oppsummert og eg peikar på moglege vegar vidare.

2.0. Teoretiske perspektiv på læring i barnehagen

Teorigrunnlaget til studien vert presentert her og eg har valt å dele inn dei ulike perspektiva med underpunkt for å skape oversikt i oppgåva.

Bø og Helle (2013) definera læring som endringsprosessar som er med på å tilegne oss nye kunnskapar på ulike områder, desse prosessane kan ikkje direkte eller indirekte knyttast til arv. Vidare handlar læring i følgje Marit Alvestad (2012) om meir enn berre tenking, fordi læring har også emosjonelle-, kroppslege- og praktiske sider. Læring er noko som skjer heile tida og gjennom heile livet og som vi ser representerer dette eit heilskapleg og vidt læringssyn.

2.1. Heilheitleg læring

I følgje Lillemyr (2013) blir barnehagen sett på som den første delen av utdanningsløpet til barn, og at læring derfor har kome meir i fokus i barnehagen, men fokuset ligg på barns eigne premissar.

Når ein snakkar om læring i barnehagen kan ein ikkje ha eit snevert syn på omgrepene (Lillemyr, 2013). Før vart læring sett på som ein psykologisk prosess, men har i seinare tid endra seg til å handle om tenking og erfaringar, og blitt sett på i eit humanistisk perspektiv (ibid.) I nyare tid blir læring sett på som heilheitlege prosessar som skjer i samhandling med andre menneske. Lillemyr (2013) seier vidare at det blir dermed viktig at personalet følgjer med på denne endringa, og er oppmerksam på at læring er noko som angår heile barnet.

"Læring er en kompleks prosess som har behov for en helhetlig tilnærming (...)" (Alvestad, 2012). Barn lærer med heile seg, så også det fysiske miljøet påverkar barns læring (Pålerud, 2013). Barnehagen må ha tilgang på materiale som stimulera til leik og utfaldelse, både i ute og inne arealet. Ifølgje Pålerud (2013) må personalet i barnehagen ha eit vidt perspektiv på læring, dei kan ikkje berre fokusere på nokre få planlagde aktivitetar. Ho presiserer vidare at ein ikkje berre kan seie at leik er læring utan å kunne sette ord på kva ein faktisk lærer gjennom leiken. Personalet i barnehagen må kunne sette ord på kva læring som skjer, både for barna og foreldra. Pålerud (2013) seier også at alle situasjonar i barnehagen kan vere ein læringssituasjon, sjølv om dette ikkje var målet i starten. Ein treng ikkje alltid å planlegge læring for at det skal skje, læring kan komme heilt spontant. Lillemyr (2013) seier det er viktig å veksle mellom varierte former for leik og læring for å best mogleg fremje barns lyst til å lære.

2.2. Leik og læring

I følgje Samuelsson og Carlsson (2009) lærer barn saman i leiken og i tillegg lærer dei av kvarandre. Når barn leikar saman lærer dei kvarandre nye metodar å leike på, det skjer dermed ei felleslæring (ibid.). I leiken får barn også kommunikativ kompetanse gjennom å argumentere og diskutere (ibid.). Når barn leiker saman å diskutera reglar i leiken, får dei erfaring med å kommunisere, slik verte barns leik ein viktig læringsarena for kommunikativ kompetanse. I tillegg er leiken barns måte å gjøre seg kjend med verden på, og i leiken kan dei prøve ut sine teoriar om verda (ibid.). *"Leken er sosial, emosjonell og kognitiv på samme tid"* (Samuelsson & Carlsson, 2009, s.59). Som Samuelsson og Carlsson seier så er det mykje læring å hente i god leik. Gjennom barns leik får dei utfolde seg ikkje berre kroppsleg, men også mentalt.

Lillemyr (2013) seier leiken er viktig i læring på grunn av motivasjonen og engasjementet som er i barns leik, i tillegg til det sosiale og kulturelle i leiken som også er viktig i læringa. No når fokuset på læring har økt i dagens barnehagar blir det enda viktigare å sjå læringa i leiken til barna, slik at ein kan ta vare på barns leik. Leik og læring er to forskjellige ting, men ein kan også sjå fellestrekke (ibid.). Slik eg ser det kan ein kan lære i leik og leike i læring.

Fenomenet leik og læring vert også omhandla i Østrem m.fl. (2009) sin studie. Dei ser leik, omsorg og læring som ein heilskap, at alt heng saman. I deira studie kjem det fram betydinga av at leiken skal vere i sentrum. Resultata deira tydde på at leik og omsorg hamner lett i skuggen av læring i den nye rammeplanen for barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2011). Det kom fram at nokre pedagogiske leiarar meinte at læring har blitt meir akseptert, medan andre opplevde lærepress frå både rammeplanen og skulen i høve dette spenningsfeltet (Østrem m.fl., 2009). Vidare kan det i følgje Østrem m.fl. (2009) sjå ut som leiken er i ferd med å bli erstatta av meir skuleretta-læring.

Ettersom det kan sjå ut som leiken er i ferd med å bli erstatta av læring, vert dette sitatet frå Pålerud (2013) aktuelt å ta med: *"Det er grunn til å tro at den viktigste læringsformen i barnehagen er den læringen som drives fram av barnas egen aktivitet og deres lek med hverandre"* (Pålerud, 2013, s.147). Når barn får lære gjennom sjølvvalde aktivitetar kan dei få meir utbytte av det, enn om dei vaksne bestemmir kva dei skal lære. Men då blir det viktig for dei i barnehagen å sette ord på læringa som skjer.

2.3. Kva seier rammeplanen om læring?

Barnehagen skal vere ein arena der det vert fremma læring og utvikling, og skal styrke barnets eige behov for læring. I kvardagen og i det daglege samspelet med andre skal det skje læring, og i tillegg skal barnet sjølv få utforske og gjere erfaringar åleine (Kunnskapsdepartementet, 2011). Det blir viktig at barnehagen ikkje berre legg opp til faste aktivitetar, men lar barna utfolde seg og lære i spontane situasjonar. Rammeplanen legg til grunn for eit heilskapleg syn på barnet, barnet er ein sosial aktør som har noko å seie for eigen og andre sin læring (KD, 2011). Barns har eit behov for å medverke i sin eigen kvardag, og dette må barnehagen gi dei moglegheit til. Barnehagen er ein viktig læringsarena for barn, som skal ta barnas eigne initiativ til læring og utforsking på alvor (KD, 2011). Det står også i Rammeplanen at *"læringsmiljøet skal fremje trivsel, livsglede, meistring og kjensla av eigenverd hos barnet"* (KD, 2011, s. 23). Barnehagen skal gjere det å lære til ein kjekk aktivitet, der alle blir sett og

høyrt for den dei er.

Det at barnehagen skal fremme læring og lysta til å lære, står nemnt fleire gongar gjennom rammeplanen. Det blir også lagt vekt på at læring skal skje i det daglege samspelet med andre menneske, miljøet og det skal vere tett knytt til omgrepa leik, danning og omsorg. Det blir derfor viktig å ha eit heilskapleg syn på læringsmiljøet (KD, 2011).

Kven har ansvaret for barna på ei avdeling, når det gjeld barns læring og aktivitet i barnehagen? ”*Den pedagogiske leiaren skal planleggje, dokumentere og vurdere arbeidet i barnegruppa han/ho har ansvar for*” (KD, 2011, s. 53). I denne studien er eg ute etter å finne ut korleis pedagogane i barnehagen oppfattar læringa sin plass i barnehagen, og som ein ser i rammeplanen så er det pedagogen si oppgåve planleggje arbeidet i si gruppe. Det er også viktig at pedagogen rettleier personalet sitt til å støtte barns læring. Utforming av barnehagearealet vert også nemnt i rammeplanen, den seie at barnehagen skal både legge til rette for læring, leik og utforsking i arealet inne og ute (KD, 2011). Så utforming av barnehagen har mykje å seie for læringsmiljøet.

2.4. Dei sju fagområda i Rammeplanen

Rammeplanen har sju fagområde som skal vere med på å fremje barns læring, desse sju fagområda skal nedfellast i årsplanen til barnehagen. Kvart fagområde dekker eit stort felt innan læring og ein brukar gjerne fleire av fagområda samstundes, då dei gjeng ein del inn i kvarandre (Kunnskapsdepartementet, 2011). Ei vanleg forståing er at i løpet av eit år skal kvar barnehageavdeling ha arbeidd med alle sju fagområda. Måten ein jobbar med desse fagområda på, skal planleggast ut i frå barnas forutsetningar og alder, og målet med dei er at barna skal få kunnskap om ulike område (KD, 2011). Det står ikkje noko konkret om korleis ein skal jobbe med desse fagområda, men dei skal gi barnehagen retningslinjer. Dei sju fagområda minner mykje om fag som barn vil møte i skulen seinare i livet. ”*Gode opplevelingar, erfaringar og læring innanfor desse områda i barnehagen kan gi barna eit positivt forhold til faga og motivasjon til å lære meir*” (KD, 2011). Ved å jobbe med desse fagområda kan vere med på å gi barn nyttig erfaring med læring, som dei kan ta med seg vidare i skulen. ”*Dei sju fagområda må knytast til både formelle og uformelle læringssituasjonar*” (KD, 2011). Det kjem også fram i rammeplanen at dei sju fagområda kan komme spontant i samspel i leik og kvardagssituasjonar (KD, 2011). Om dei vaksne i barnehagen har måla for dei ulike fagområda klart føre seg kan dei knytte dei inn i barns spontane leik og støtte barna i å sjå læringa som skjer i slike spontane aktivitetar.

2.5. Synleggjere læring

Når ein skal synleggjere barns læring, kan dokumentasjon vere ein god måte å gjere dette på (Benn, 2003). Dokumentasjon kan nyttast både i arbeid med personalet, i form av felles refleksjon. Ein kan også nytte dokumentasjon saman med barna og for å vise foreldre/føresette kva ein har jobba med (ibid.). I følgje Rammeplan for innhaldet i og oppgåvane til barnehagen (2011) må arbeidet som blir gjort i barnehagen synleggjerast, dette for å kunne reflektere og vurdere barnehagen som ein arena for blant anna læring. Vidare seier rammeplanen at dokumentasjonen kan gi nyttig informasjon om kva ein gjer å lærer i barnehagen, til folk utanfor barnehagen (ibid.). Om ein ser på fagområdet kommunikasjon, språk og tekst i rammeplanen, står det at barnehagen skal bidra til at barn bruker språket til å uttrykke sine erfaringar og opplevingar (ibid.). For å synleggjere læring i barnehagen kan ein motivere og støtte barna til å fortelle kva dei har lært og opplevd sjølve, til foreldre/føresette. Pålerud (2013) seier at dokumentasjon av barns læring i barnehagen kan vere med på å la barna medverke og betre forstå barns læring.

2.6. Aktuell forsking på feltet

I ein studie gjennomført av Østrem m.fl. i 2009, undersøkte dei korleis personalet i barnehagen jobbar med føringane i rammeplanen for innhaldet i og oppgåvane til barnehagen og korleis dette påverka innhaldet i arbeidet (Østrem m.fl., 2009). Som metode for å innhente data vart det nytta brev, fokusgruppeintervju og intervju, og informantane var ei blanding av heile personalet i forskjellige barnehagar.


Det kjem fram i studien at personalet stiller seg positiv til rammeplanen, men at den vert meir brukt i planlegging og i samtalar med personalet, enn konkret i arbeidet med barna (ibid.). Dei fant også ut at personalet i barnehagen er opptatt av å ha materiale og eit utforming av barnehagen som motivera til læring. Dei har fokus på å skape eit miljø som stimulera skaparglede og utforsking hos barna (ibid.).

Informantane vart også spurd om dei 7 fagområda i rammeplanen og korleis dei jobbar med desse. Det står i rammeplanen at desse fagområda utgjer viktige delar av barnehagens læringsmiljø. I studien til Østrem m.fl. (2009) kom det fram kor viktig det er korleis personalet jobbar med fagområda, då ein må kunne seie at dei har fått ein sentral plass i rammeplanen. I deira studie var det førskulelærarane som uttalte seg mest om desse fagområda og det førskulelærarane opplevde, var at den nye rammeplanen tydeleggjer det faglege i barnehagen. Dei synst også at det vart lettare å jobbe skuleretta no når den nye rammeplanen kom (Ibid). Østrem m.fl. (2009) seier vidare at tema læring har personalet har

blitt meir opptatt av, og det som har fått meir plass i rammeplanen. Læring har blitt meir synleg ja, men det er bra seier dei, den høyrer heime i barnehagen (Østrem m.fl., 2009). Informantane frå ein av barnehagane opplever også eit læringspress frå både skule og rammeplanen. Dei ser også ei endring i vaksenrolla, knytt til omgrepene læring, dei vaksne vil vere med barna i deira utforsking og læring (Ibid).

I ein annan studie, gjennomført av ei forskingsgruppe ved Høgskulen i Volda, MAFAL-prosjektet, gjekk spørjeskjema til 1000 barnehagar og då både til pedagogiske leiarar, assistenter og styrarar. Prosjektet fekk svar frå omlag 60 % av barnehagane som utgjorde 1129 pedagogiske leiarar og 1357 assistenter. I studien vart assistenter og pedagogar spurde om det har blitt meir fokus på læring etter den nye rammeplanen for barnehagen kom i 2006. Tabell 1 nedanfor viser resultata til studien, i prosent (Vatne, 2012).


Tabell 1:



Det kom fram i studien at 70% av dei pedagogiske leiarane svara med kategori 4 eller helt einig. Dei opplever altså at læring har kome meir i fokus i den nye rammeplanen for barnehagen. Medan det var 18% av assistentane som svarte veit ikkje på dette spørsmålet (ibid.).

Vidare i studien vart pedagogiske leiarar og assistenter spurde kva dei vektala mest av arbeidet sitt. Heile 90% av dei pedagogiske leiarane sa at dei vekta mest omsorg. Arbeidet med Læring kom først på tredje plass av dei tre omgrepa omsorg, leik og læring (ibid.). Sjå tabell 2 nedanfor om kva innhald legg pedagogiske leiarar og assistenter vekt på i det daglege arbeidet med borna i barnehagen (Vatne, 2012).

Tabell 2:



I studien til Bente Vatne (2012) kjem det fram at læring er på tredje plass når det gjeld kva pedagogar og assistenter vektlegg i sitt arbeid, sjølv om dei tidlegare i studien svarte at læring har kome meir i fokus etter den reviderte rammeplanen for barnehagen 2006. Læring er altså meir i fokus på papiret, men i praksis blir det ikkje gjennomført.

Vidare i studien kjem det også fram at jo meir erfaring ein har, jo meir har ein fokus på omgrepene læring. Læring kan verke å vere mindre i fokus når ein er nyutdanna enn ved folk som har meir erfaring (Vatne, 2012). Kan dette ha med tryggeheit og sjølvsikkerheit å gjere? Eg vil seie at jo meir erfaring, desto tryggare blir du i ditt arbeid. Du lærer av å prøve ut nye måtar å gjer ting på opp gjennom åra.

3.0. Metode

Ein metode vil seie vegen du vel for å komme fram til målet (Befring, 2015). Det vil seie kva verktøy ein tek seg nytte av for å komme fram til eit svar på ein måte som både er enklast og best. Det er viktig i ein slik studie å tenkje over kva det er du vil finne svar på og velje ein metode på bakgrunn av dette.

3.1. Kvalitativ og kvantitativ metode

Ein skil ofte mellom kvalitativ og kvantitativ metode når ein snakkar om metodar innan forsking, og eg vil kort nemne grunntrekka av desse før eg går inn på mitt val. Ved kvalitativ forsking vil ein ofte ha fokus på menneskets erfaringar og syn på noko, og her er det vanleg å nytte observasjon eller intervju som metode for innsamling av data (Befring, 2015). Medan ved kvantitativ tilnærningsmetode består av meir objektive målingar og statistikk (ibid.).

Den kvantitative metoden blir ofte nytta i omfattande studiar som er ute etter å finne

allmenngyldige konklusjonar, det vert også ofte nytta spørjeskjema ved kvantitativ metode (ibid.).

Når eg skulle velje den metoden som var best eigna til denne studien, måtte eg først tenkje over kva det var eg var ute etter å finne svar på. Mitt forskingsspørsmål var å finne ut korleis dei ansette i barnehagen opplever det økte fokuset på læring, eg viste derfor at eg ville nytte intervju som metode for innsamling av data. Då vart det naturleg å nytte den kvalitative forskingsmetoden, sidan eg ville spørje om oppfatningar og forståinga til ei gruppe menneske. Kvalitativ tilnærningsmetode var også den metoden som eigna seg best med tanke på omfang og tid knytt til studien, og eg var sikker på at denne metoden ville gi meg best mogleg svar på problemstillinga.

I mitt arbeid er eg ute etter nettopp det som Befring (2015) seier, menneskets oppfatning eller syn på noko, som i dette tilfelle blir pedagogens syn på læring og læringas plass i barnehagekvardagen. Tar læring for stor, for lite eller akkurat passe plass i barnehagekvardagen? Sjølv om denne studien er mest ute etter den enkeltes oppfatning, går eg også inn på kva rammeverket seier om denne tematikken. Det står i Rammeplanen for barnehagen at læring skal vere ein viktig del av barnehagekvardagen, og at personalet må støtte og motivere barna i deira læringsprosessar (Kunnskapsdepartementet, 2011). Ved å sjå på både rammeplanen for barnehagen og pedagogane si eiga oppfatning vil det verte samanlikning mellom det som står i rammeverket og det som faktisk blir gjort og er tilfellet i ein barnehagekvardag.

3.2. Semistrukturert intervju

Når ein snakkar om intervju er det fleire måtar ein kan gjennomføre dette på, men i denne studien vil det verte nytta det Befring (2015) kalla eit semistrukturert intervju. Det vil seie eit intervju som har fastsette spørsmål, gjerne i ein intervjuguide, men svara kan vere opne, eller eg kunne stille oppfølgingsspørsmål i etterkant (Befring, 2015). Dette var eg bevisst på gjennom heile intervjugessen, spørsmåla mine skulle ikkje på nokon måte kunne lede informanten til eit ønska svar, men informantane skulle få seie akkurat det dei sjølve ville. Ein anna grunngjeving for val av denne typen datainnsamlingsmetode var at med eit slikt opent intervju får eg fram ulike personar sine meiningar, og med mi problemstilling var det akkurat det eg var ute etter. I denne studien vart det intervjuia forskjellige pedagogiske leirarar (desse vert presenterte i neste del av oppgåva), og ved å bruke eit semistrukturert intervju fekk eg spørje dei direkte od det å få eit personleg og ope svar vart meir mogleg. Ved å intervju

fleire fekk eg også ulike svar og fekk samle data om informantane sine ulike opplevingar og ulike måtar å sjå på temaet læring i barnehagekvardagen. På grunn av omfanget ved denne studien, valde eg å halde meg til 3 informantar.

Før eg starta prosessen med å intervju, strukturerte eg ein intervjuguide med spørsmåla eg ville stille (Sjå vedlegg 1). Desse spørsmåla utarbeidde eg ved hjelp av å sjå på teori eg ville nytte, og med problemstillinga i tankane. Eg bestemde meg for å stille eit generelt bakgrunnsspørsmål før eg starta med spørsmåla knytt til temaet, dette gjorde eg for å få vite litt om bakrunnen til informantane. I og med eine spørsmålet mitt i intervjuguiden handla om endring gjennom tidene, var det nyttig for meg å vite dette. *"Intervjueren må etablere en atmosfære hvor den intervjuede føler seg trygg nok til å snakke fritt om sine egne opplevelser og følelser"* (Bergsland & Jæger, 2014). Ved å stille bakgrunnsspørsmål fekk eg også etablert ein trygg atmosfære både for informant og forskar, eg opplevde at dette gjorde resten av intervjuet lettare. Intervjuguiden vart ikkje levert ut til informantane på førehand, dei vart kunn tilsendt eit informasjonsskriv om tema og problemstilling. Dette vart gjort for at informantane skulle svare det dei følte der og då og ikkje noko dei hadde planlagd på førehand, på denne måten var eg sikrare på å få ærlege og opne svar.

Alle informantane vart kontakta gjennom e-post til styrar (sjå vedlegg 2.), og seinare ein telefon der vi avtalte tid og stad. Før eg starta intervjuet vart informantane bedde om å signere på eit samtykkeskjema (sjå vedlegg 3.), som ga meg løyve til å ta opptak og å nytte desse i studien. Etter at intervjuet vart gjennomført vart det transkribert og analysert av meg personleg, så det er kunn eg som har hørt på intervjuet og som veit kven som varte intervjuet. Eg transkriberte intervjuet same dagen som intervjuet vart gjennomført, slik hadde eg kroppsspråk og mimikk i frisk minne. Opptaka vart sletta etter at eg var ferdige med dei, slik eg avtalte med informantane.

Alle intervjuet vart gjennomført på i underkant av 45minutt og vart gjennomførte på arbeidsplassane til informantane. Dette at det føregikk på arbeidsplassane var det informantane sjølv som valde, eg stilte meg heilt open til møteplass. På denne måten fekk informantane velje ein plass dei kjende og følte seg trygge på (Bergsland & Jæger, 2014).

3.3 Analyse

Eg analyserte intervjuet ved å sette all rå-dataen inn i eit sjølvlagt skjema, der eg kategoriserte etter spørsmåla i intervjuguiden. På denne måten fekk eg samla alle svara på ein meir

oversiktleg måte. Vidare analyserte eg intervjeta ut i frå problemstillinga om kva plass læring har i barnehagen. Analysemetoden da var Thagaard (2013, s.181) og Befring (2015, s.114) sine inndelingar kalla tematisert analytisk tilnærming.

3.4. Presentasjon av informantar

Då eg skulle velje meg ut informantar til denne studien var eg tidleg klar på at eg ville bruke informantar som eg ikkje hadde nokon form for relasjon til. Fordi eg følte at eg på denne måten kunne lettare vere profesjonell og halde meg nøytral. I denne oppgåva har eg også gitt alle informantane ein bokstavkode, for å sikre deira anonymitet.

Informant T- er pedagogisk leiar ved ein kommunal barnehage. Ho jobba no på ei storbarnsavdeling med barn i alderen 3-6år. Ho er utdanna førskulelærar og var ferdig utdanna i 1994, i den aktuelle barnehagen har ho jobba sidan 2003.

Informant U- er pedagogisk leiar ved ein kommunal barnehage. Der jobba ho på ei småbarnsavdelinga med barm i alderen 0-4år. Ho var ferdig utdanna førskulelærar i 2000. Ho har jobba mykje som vikar i barnehagar medan ho tok utdanning. Etter fullført utdanningar har ho jobba både som pedagog og som styrar i forskjellige barnehagar.

Informant V- er pedagogisk leiar i ein privat barnehage. Der jobbar ho på ei rein førskulegruppe. Ho var ferdig utdanna førskulelærar i 2010, og i tillegg til det har ho utdanning i Norsk som andre språk og fleirkulturell pedagogikk. Ho starta å arbeide i barnehagar i 2005.

3.5. Validitet og reliabilitet

I denne studien vert det nytta kvalitativ metode og intervju, så her var det viktig å tenke over mine førforståingar knytt til det eg skulle forske på, då dette kan påverke validiteten i studien (Befring, 2015). Ein må ikkje la desse påverke tolkinga av det informanten svarar eller måten ein stille spørsmål i intervjuguiden på (Befring, 2015). Dette var mykje vanskelegare enn eg først hadde sett for meg, men eg var opptatt av å ikkje påverke mine informantar på nokon måte, og trur at eg lukkast med dette. I alle fall var eg svært medviten denne utfordringa. Spørsmåla som eg stilte var formulerte på ein slik måte at informantane hadde full friheit til å svare det dei ville. Dei fekk heller ikkje vite kva mi førforståing var, om dei hadde fått vite det ha dei kanskje villa svart ut i frå det dei trudde eg ville ha som svar. I det første intervjuet la

eg meg merke til i etterkant at eine oppfølgingsspørsmålet mitt kunne verke litt ledande, så eg var bevisst på at eg ikkje stilte det på same måten til dei neste intervjuia. Men eg valde å ta med svaret på det aktuelle spørsmålet, då det ikkje ga det svare eg kanskje hadde leda ann til likevell.

I tillegg til validiteten av studien har ein også det Befring (2015) kallar reliabilitet. Det vil seie kor nøyaktig studien er gjennomført. I denne studien vart det lagt vekt på at gjennomføringa skulle vere så gjennomsiktig at nokon andre skulle kunne gå ut å gjere same studien, og få om lag det same resultatet. Dette vart gjort gjennom å ha fokus på korleis dataen vart tolka og analysert, nemleg på ein objektiv måte.

4.0. Empiri

Her i empirikapittelet presenterer eg sitata frå det innsamla datamaterialet frå intervju av dei tre informantane. Eg har som sagt tidlegare har eg gitt alle informantane ein bokstavkode for å sikre deira anonymitet.

4.1. Omgrepelærings

Når informantane blei spurde om kva dei la i omgrepelærings var det tydeleg at det ikkje var så lett å definere dette omgrepet. Dei var opptatt av å få fram det at vi kanskje ikkje har same definisjonen på lærings. Eg var heller ikkje ute etter eit fasitsvar på lærings, men deira syn.

Informant U seier dette om lærings:

Eg tenke på lærings som alt du oppleve, og erfara som kan vere med på å skape utvikling og stimulering du får i livet.

Informant T nemnde fleire typar lærings, som kulturell, motorisk, sosial, fagleg og språkleg. Og sa vidare at om ein er obs på alle desse, vil ein kunne sjå mykje lærings i løpet av ein dag. Informant V fortalte at ho kom til å sitte i timesvis om ho skulle definere dette omgrepelærings, fordi det ho synst det er så mykje det omfattar. Ho ville derfor ikkje svare på dette spørsmålet, fordi det vart for stort i eit så kort intervju.

Informant U fortalte:

(...) ved å støtte, veilede og forklare, kan ein kalle ting som skjer i kvardagen for lærings.

Ho fortalte vidare at ein kan ikkje kalle alt for lærings, utan å sette ord på det for barna.

På spørsmålet i intervjuet om korleis dei oppfattar læringssynet i dagens rammeplan, fekk eg ulike svar. Men alle informantane var einige om at det er mykje fokus på læring, og då spesielt det at ein skal sjå på alle situasjonar i barnehagen som læringssituasjonar. Informant T opplever at rammeplanen legg mykje opp til dei sju fagområda, i tillegg til at ho synst det er utanforståande som ikkje ser læringa som faktisk er i barnehagen. Ho seier det slik:

I rammeplanen der er jo det lagt veldig mykje opp etter denne her, desse 7 fagområda. Men elles også så ser eg at det i følgje rammeplanen, så er der veldig mykje læring. Føler heller at det er mykje folk rundt som ikkje ser det på same måte, ”i barnehagen er dei berre”, dei blir passa på, men der er ikkje noko læring (Informant T).

Ho fortel vidare at det også har blitt meir fokus på dokumentasjon i rammeplanen, og ho begrunna det slik:

Det har blitt mykje meir fokus på dokumentasjon siste åra. Og det tenke eg er mykje på grunn at, å få opp bevisstheita blant dei rundt oss og dei som brukar barnehagen, det at vi faktisk lære barna veldig mykje gjennom dagen (Informant T).

Informant U opplever at leiken forsvinn litt i rammeplanen, og seie vidare at det blir opp til at dei som jobbar i barnehagen å vise folk utanfor barnehagen at i leiken skjer det mykje læring. Også informant V opplever at leiken blir mindre fokus på enn læring i rammeplanen, ho seier:

I rammeplanen er læring, sjølve ordet læring eller læringsarena og læringsvilje, alt med læring er eit veldig høgfrekvent ord. Det blir brukt i hytt og pine, oftare enn leik.

Informant T snakkar også om leiken og kor viktig den er i barnehagen i sitt svar:

Eg føler det er veldig mange som ikkje ser alt barna lære gjennom leiken og alt dei gjer gjennom dagen, som det er viktig at oss får fram.

4.2. Læring i kvardagssituasjonar

I kvardagen fokusera informantane på leiken til barna, og læringa ein kan legge til rette for der. Informant U seier at det er viktig å legge til rette for rikeleg med materiale som stimulera til god leik:

Det er jo å legge til rette leiken for barna, at dei har materiell rundt seg som stimulera til forskjellig type leik, så ikkje binde dei til enkelt type leik, men mykje gode materielle som dei kan bruke.

Informant V oppleve at det å vere pedagog i arbeidet med læring skjer spontant, ho seier det slik:

Det er ganske spontant og impulsivt det å vere pedagog, det at du i ein kvar situasjon ser læring og griper fatt i det. Det er ikkje noko du legg til rette på førehand eigentleg, du gjer det underveis heile tida (Informant V).

Ein kan finne mykje god læring i kvardagen om ein bere er bevisst og open for barns ønske.

Informant U legg vektinga på kvardagssituasjonar som for eksempel det å hjelpe med å vaske:

Ta dei med i kvardagssituasjonane, vaska vi bord, så kan dei godt sjå meg vaske, men dei har mykje større utbytte av det om dei får ein klut å får vere med på å vaske bordet og stolane ilag med meg (Informant U).

Ho forklarar vidare korleis ho ser på dette som læring:

Vi kan spør om dei kan vaske på baksida av stolen, du kan seie opp på stolplata, du kan få inn mykje omgrep i ein kvardagssituasjon (Informant U).

Når informantane blei spurde om dei legg mykje vekt på læring i ein vanleg barnehagekvardag var dei alle einige om at ja, det gjorde dei. Informant T svara:

Ja, altså eg synst der er veldig viktig at oss ser læringa i alle situasjonar i barnehagen. Det er på ein måte med på å auke kvaliteten og verdien av den jobben oss gjer.

Vidare fortel ho at kvardagssituasjonane er viktige og at dei som jobbar i barnehagen må vere bevisste og hjelpe barna til å sjå læring i kvardagen:

At dei ser at dette her med pådekking og matsituasjon så mange var negative til når vi sette i gang med, det at barna skulle få smøre sin eigen mat til måltidet, mange var negative til det og følte at det tok for lang tid. Men det er veldig viktig å sjå kva læring det eigentleg var i den situasjonen for barna, at oss gjer ikkje det berre for at barna skal få i seg sunn, god mat, men at dei også får vere med på å hjelpe og lage sin eigen mat og dekke på, og ta del i dei oppgåvene som oss held på med. (...) Så i alle situasjonar i barnehagen har du læring (Informant T).

Informant U vektlegg læring mykje på same måten som informant T gjer, nemlig med å ha fokus på ulike kvardagssituasjonar. Ho svara slik på spørsmålet:

Ja, stort sett heile tida, fordi då kjem jo ein igjen inn på desse kvardagssituasjonane vi brukar. Ta ein garderobesituasjon der ein skal kle på seg, då bruka vi; no kan du ta fram venstre fot, og no kan du ta fram høgre fot, og om dei ikkje veit kva det er så held du på å vise dei, og om dei tek opp feil så sei du; nei det var venstre foten (Informant U).

Informant V vel å kalle det utvikling i staden for læring, ho vel å seie at ho har fokus på barna skal utvikle seg:

Eg vil heller kalle det utvikling, eg har fokus på utvikling. Det er i grunn også læring. Men altså, det er ikkje sånn at eg prøvar å lære barna om mykje testande, altså eg gjer det på eit vis, men det er heilheita eg ser på. Skjer det utvikling? Progresjon?
(Informant V).

4.3. Synleggjering av læring

Eit anna underpunkt er korleis personalet synleggjer læring i barnehagekvardagen, eg tenke då på synleggjering både til foreldre/føresette, barna og folk utanfor barnehagen. Det er mange måtar å synleggjere læring på i barnehagen, dette er mykje opp til kvar enkelt, informantane i denne studien vektlegg dette forskjellig. Informant T vektlegg dokumentasjon til foreldra, men har også fokus på å synleggjere læring for barna.

Det er jo dokumentasjon til foreldra. Då med bileter, munnleg overlevering ved levering og hentesituasjonar, og vi har også ei dagsrapport-tavle der oss skrive litt, ja, det som oss har jobba med gjennom dagen (Informant T).

I tillegg til dette fortel ho vidare at dei også lagar permar til barna med ulike biletet gjennom året, desse permane får dei med heim når dei er ferdige i barnehagen.

Kven er det si oppgåve å synleggjere læring i barnehagen, er det kunn dei vaksne som kan gjøre dette? To av mine informantar har fokus på at barna sjølv kan få fortelle kva dei har gjort og lært.

(...) vi stiller gjerne litt spørsmål til barna i hentesituasjon, slik at dei får repetere det dei har opplevd, og så kjem dei på kva dei har gjort og lært (Informant U).

For å synleggjere det for barna snakkar eg om kva som har skjedd etterpå og snakke om resultatet eller kva som ikkje hadde skjedd eller kva som har skjedd, også drøfte lutt og filosofere litt med barna. Kvifor? Kvifor ikkje? (Informant V).

Eg stilte også spørsmål om kor mykje tid dei brukar på å synleggjere læring, i ein vanleg barnehagedag. Når fokuset på læring har kome meir inn i barnehagen bør ein bruke tid på å synleggjere den, men kor mykje tid vil informantane seie at dei brukar i kvardagen? Nokre av informantane opplevde at dette vart vanskeleg å definere, informant V seier at ho ikkje kan svare på det, fordi det varierer så mykje frå dag til dag. Informant U seier det slik:

Det var eit vanskeleg spørsmål, synleggjere. Det gjeng litt langs med, ikkje sant, du har jo kommunikasjon med dei heile dagen. (...) Vanskeleg å måle det slik du klare å vise til andre kva vi har lært, men vi klare å sjå det sjølv, og vi klare meir å vise kva vi har gått gjennom, ikkje nødvendigvis kva dei har lært. Det dei har gått gjennom er mykje lettare å synleggjere fordi det kan du ta bilet av, du kan henge opp det dei har laga, du kan ta ein filmsnutt å vise foreldra, du kan gjere slike ting. Litt vanskeleg å måle læring (Informant U).

Det er ikkje mykje tid å ta av i dagens barnehagar, med utvida arbeidstider og ingen auking i personalet, så ein må fordele tid på alle oppgåver ein skal gjere i løpet av ein dag. Informant T opplever det med å synleggjere læring som tidskrevjande:

Det tar alt for mykje av tida, av den ubundne tida, det blir lett til at det er den tida det blir tatt av, sjølv om det eigentleg ikkje, i alle fall ikkje alt skulle kome der. Men tida strekk ikkje til i kvardagen heller alltid. På dei åra eg har jobba i barnehagen har opningstida blitt strekt ganske mykje, utan at personalressursen har blitt heva, slik at det blir jo..., pluss at vi blir tillagt fleir og fleir oppgåver (Informant T).

4.4. Læringa sin plass i barnehagen

For å finne ut kva plass læring tar i barnehagekvardagen bestemde eg meg for å stille eit direkte spørsmål knytt til dette. Kva plass vil du seie læring tar i barnehagen i dag?

Den tek ikkje plass, den berre er der. Alle situasjonar er læringssituasjonar, det kjem mykje ann på kor bevisst vi som personale er da, men vi har jobba mykje på at vi skal vere bevisst på det. Vi nyttar situasjonar til læring heile tida. Det gjeng mykje på korleis vi er som personar og korleis vi snakkar med barna. Den tar verken for stor eller for liten plass, den berre høyrer heime her (Informant T).

Informant V seier at læring både skal og sikkert tar ein stor plass:

Ein ganske stor plass, eller altså det blir krevd at det skal ta ein ganske stor plass, så det tar sikkert også ein stor plass (Informant V).

Ho seier vidare at det er alt det pedagogiske ho føler eit press på, læringa skal liksom vere så planlagd å med alle moglege slags snakkepakkar og opplegg. Ho legg til:

Det hadde vore feil å sagt at læring tar for stor plass, det kan aldri ta for stor plass, men det må vere i ein ramme som er fortsatt til barns premissar. Eg trur folk gløymer at den viktigaste læringa skjer når barna sjølv kjem på det, ikkje på grunn av alle ulike pedagogiske opplegg (Informant V).

Også informant U opplever også at læring tar ein stor plass i barnehagekvarden, og at ein må vere bevisst i arbeidet sitt når det gjeld læring. Ho seier det slik:

Det tar jo ein stor plass, det gjer det. Du er jo bevisst på å legge inn læring der du kan (...) Så, den har vell kanskje tatt litt over den spontane gleda i leik, med personalet også kanskje, det at du må og du skal vere bevisst på all læring som skjer (Informant U).

4.5. Endra læringssyn i eit tidsperspektiv

Eg ville også høre med informantane om dei oppleve sitt eige læringssyn som endra i den perioden dei har jobba, dette for å få eit lite innblikk i korleis læringssynet har endra seg gjennom tidene. Informant T seier det blir meir endra etterkvart som ein blir meir bevisst:

Ja, det blir jo litt endra det også, etterkvart som ein blir meir bevisst på det. Altså der er jo mykje meir fokus på det i fagtidsskrifter og slike ting, og oss snakkar meir om det på barnehagen, og ulike kurs og sann som vi har vore på så er det meir i fokus (Informant T).

Tidene forandrar seg og ein får meir erfaring etterkvart som ein jobbar, vi menneske er også i endring. Informant U ønskjer ei endring i sitt læringssyn, ho er ute etter forbetring:

Ja det håper eg, eg håper alltid at der er litt kontinuerlig forbetring og endring (...) tida strekk ikkje til så eg har blitt enda meir bevisst på å ta ting inn i kvardagssituasjonar no enn i starten (Informant U).

Læring er noko som er i utvikling heile tida, slik ser vertfall informant V på det:

Eg har sikkert gjort det, men det trur eg er i utvikling heile tida. (...) Trur det endrar seg også med miljøet, samfunnet og alt rundt oss (Informant V).

Miljøet rundt oss og kulturen vi lever å jobbar i har mykje å seie for korleis vi er både som menneske og leiarar.

5.0. Drøfting

I studien er eg ute etter å finne ut kva plass pedagogane opplever at læring tar i barnehagekvardagen, og ut i frå empirien vil eg no drøfte svara eg fekk i intervjeta, ved hjelp av teori i tillegg til eigen drøfting. I utvalet mitt kom det fram ulike læringssyn i kvardagen, samt ulike oppfatningar på rammeplanen sitt læringsfokus. Eg vel å dele dette kapitellet inn i dei same underpunktta til empiridelen. Vi startar å sjå på punktet om forståinga av omgrepet læring hos informantane.

5.1. Omgrepet læring

Læring blir av Bø og Helle (2013) definert som prosessar som ikkje kan direkte eller indirekte knyttast til arv eller modning. Eg opplevde det å definere læring som krevjande men ser på Bø og Helle sin definisjon som aktuell. Det kjem også fram i empirien at informantane også ser på læring som noko komplekst, som kan vere vanskeleg å definere. Informant V fortel at ho ser på læring som så mykje at ho ikkje klarer å svare på dette i eit så kort intervju. Men om ein skal sjå på definisjonen til Bø og Helle, det at læring er ein prosess, kan ein sjå på det slik som informant U tenkjer. Ho tenkjer at læring er alt du opplever og erfara gjennom livet.

Det kjem fram i empirien at informantane knytt læring til opplevelingar og stort sett alt ein gjer i løpet av ein barnehagedag kan vere læring, om dei vaksne sett ord på det. Pålerud (2013) seier at ein kan ikkje kalle alt for læring utan å sette ord på læringa som skjer. Ein må vite kva det er barna lærer i ulike situasjonar for å kunne seie at dei har lært.

I følgje Lillemyr (2013) blir barnehagen sett på som barns første del av utdanningsløpet, og at dette er grunnen til det økte fokuset på læring. Men korleis oppfattar informantane læringssynet i dagens rammeplan? Det kjem fram i empirien at læring har fått mykje fokus i dagens rammeplan og at informantane opplever leiken forsvinn litt i bakgrunnen. Dette kjem også fram i studien til Østrem m.fl. (2009), der opplever informantane eit læringspress både frå skule og rammeverk i høve spenningsfeltet mellom leik og læring. Informant V opplever at alt med læring å gjere er meir fokusert på enn leiken i dagens rammeplan. I følgje Samuelsson og

Carlsson (2009) lærer barn av og med kvarandre, dei lærer nye måtar å leike på og det skjer felleslæring i leiken. Det at informantane oppleve at leiken forsvinne litt i bakgrunnen av læringa kan eg kjenne meg igjen i, og var nettopp denne opplevinga var grunnen til eg ville finne ut læringa sin plass i barnehagen. I undersøkinga av rammeplanen knytt til denne studien la også eg merke til at læring står skreve fleire gongar enn kva leiken gjer, i tillegg til at gongar omgrepene læring blir nemnt har økt dei siste åra. Også teorien seier læringa er i endring, og at det då er viktig at personalet i barnehagane følgje med på denne endringa, dei må vere oppmerksame på at læring er noko som angår heile barnet. (Lillemyr, 2013). I dag handlar læring også tenking og erfaringar, det blir sett på i eit humanistisk perspektiv (ibid.). Informantane seier at rammeplanen har økt fokuset på at personalet i barnehagane skal sjå alle situasjonar som læringssituasjonar og at mykje er lagt opp etter dei sju fagområda ein skal jobbe etter. Det står i rammeplanen at dei sju fagområda kan kome spontant i situasjonar som leik og kvardagsaktivitetar (Kunnskapsdepartementet, 2011). Dette ser eg på som ein av grunnane til at informantane oppleve press på å skulle jobbe etter dei sju fagområda, i tillegg til at dei skal kunne sjå læring i alle situasjonar. I studien til Østrem m.fl. (2009) kom det fram at rammeplanen for barnehagen vektlegg mykje dei sju fagområda, og informantane opplevde at det vart lettare å jobbe med det faglege i barnehagen etter at fagområda kom inn i rammeplanen. Vi skal no sjå på eit nytt underpunkt som omhandlar kva plass læring har i kvardagssituasjonane.

5.2. Læring i kvardagssituasjonar

Ut i frå svara til informantane kan ein seie at læring i kvardagen kjem best fram i leiken til barna, i tillegg til situasjonar der dei som jobbar i barnehagen lar barna vere deltagande. Informant U legg vekt på at rikeleg med materiale som stimulera til god leik, i tillegg til å gjere barna kjend med naturen og miljøet rundt seg. Lillemyr (2013) seier det er viktig å veksle mellom varierte former for leik og læring. Om ein legg til rette for varierte leik og læringsaktivitetar kan ein betre sikre seg at alle barna lærer noko. I rammeplanen seier dei at alt arbeid i barnehagen skal planleggast ut i frå kvart enkelt barn sine forutsetningar (Kunnskapsdepartementet, 2011). Ved å ha varierte aktivitetar kan ein legge til rette for forutsetningane til kvart enkelt barn, og på denne måten følgje rammene til rammeplanen. Eg er av den oppfatninga at ein kan lære i leiken, samt leike i læring, og slik eg tolkar informantane mine har også dei denne oppfatninga. I følgje Samuelsson og Carlsson (2009) er leiken ein arena der barna kan oppnå både sosial-, kognitiv- og emosjonellkompetanse. Slik eg ser det er det mykje læringsutbytte i barns leik, og eg er einig med informant U, at det å

fokusere på leiken til barna er ein god måte å jobbe med læring på.

Informant U legg fokuset på situasjonar i kvardagen som barna kan vere med å hjelpe dei vaksne i deira oppgåver, som for eksempel ved å vaske og rydde. Ho seier at ein i desse situasjonane kan få inn omgrep og omgrepsforståing, ved for eksempel å seie; "*Kan du vaske under stolen?*" I følgje Pålerud (2013) kan ikkje personalet berre fokusere på nokre få planlagde aktivitetar, dei må ha eit vidt perspektiv på læring. Det at informant U legg vekt på så enkle og kvardagslege situasjonar som å hjelpe til å vaske, seier meg at ho har eit vidt perspektiv på læring. Også dei andre informantane gir inntrykk av å ha dette perspektivet på læring, ved at dei ser på læring som nesten alt i løpet av ein barnehagedag.

Eg ville også finne ut kor mykje vekt informantane legg på læring i barnehagekvardagen, og her var dei samde om læring er noko av det dei legg mest vekt på. Men dei ga også uttrykk for at det var noko dei måtte gjere. Informant T ser på det som viktig å sjå læring i alle situasjonar, slik at barnehagen blir ein arena for læring og utvikling. Dette seier også teorien og rammeverket. Rammeplanen legg vekt på at barnehagen skal vere ein arena som fremjar læring og utvikling, og skal styrke barnets eige behov for læring (Kunnskapsdepartementet, 2011). I studien til Østrem m.fl. (2009) ga informantane uttrykk for at dei har fokus på å skape eit miljø som stimulera til skaparglede og utforsking hos barna. For å få til dette ser eg på det som vesentleg at personalet har læring i tankane gjennom heile barnehagedagen.

Læring er noko som skjer gjennom heile livet og angår heile barnet, ikkje berre tankane (Alvestad, 2013). Informant T brukar garderobesituasjonen som eit eksempel på ein situasjon der ein kan sette ord på læring i kvardagen. Ein kan snakke om høgre og venstre, samt omgrep som jakke og støvlar. Slik legg ho mykje vekt på læring, nettopp i kvardagssituasjonane. Informantane i denne studien var tydeleg opptatt av å sette ord på læringa som skjer både for barna sin del, men også for å auke verdien av det ein gjer i barnehagen. Det er slik fleire grunnar til å ha fokus på læring i barnehagekvardagen, ein får fram barnehageprofesjonen samt ein skaper ein arena for læring. Slik eg tolkar informantane, så har dei mykje fokus på læring på grunn av det økte fokuset på læring i rammeplanen, men også på bakrunn av at det er dei sjølve vil det, for å vise utanforståande kva som faktisk skjer av læring i barnehagen. Det kan verke som dei er opptatt av å vise andre kva som faktisk skjer av læring i ein barnehagekvardag.

Informant V vel å kalle det utvikling og ikkje læring. Ho har fokus på at barne skal utvikle seg og at det skal vere ein progresjon hos barnet. Men om ein ser på definisjonen av læring gitt av informantane sjølv, i tillegg til Bø og Helle (2013) sin definisjon, kan ein kalle læring

for ei utvikling. Læring vil eg seie er prosessar som fører til utvikling hos barnet. Slik kan ein seie at også informant V har fokus på læring, sjølv om ho vel å nytte eit anna omgrep.

No går eg vidare og ser på korleis barnehagepersonalet synleggjer læring.

5.3. Synleggjering av læring

For å vise både barna, heimen og politikarane læringa som skjer i ein barnehagekvardag, er det viktig at dei som jobbar i barnehagen synleggjer det. Når ein skal synleggjere barns læring kan dokumentasjon vere ein god måte å gjere dette på (Benn, 2003). Informant T nyttar dokumentasjon i sin praksis, ho fortel at dette gjer ho for å vise både foreldra og barna kva dei har jobba med. I tillegg fortel ho at dei nyttar ei "dagsrapport-tavle", der ein skriv frå dag til dag. Ifølgje Siv Benn kan ein nytte dokumentasjon til felles refleksjon blant personalet, i tillegg til å vise foreldre kva ein har jobba med. Informant T nemner ikkje noko om at dei nyttar dokumentasjonen til felles refleksjon, ho nyttar det til å belyse for foreldra og barna kva dei har jobba med. I følgje Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen (2011) må arbeidet som blir gjort i barnehagen synleggjerast, dette for å kunne reflektere og vurdere barnehagen som ein arena for blant anna læring. Det å nytte slik dokumentasjon til refleksjon blant personalet kan også vere ein god måte å få opp profesjonen til barnehagen, ein kan reflektere over det ein har gjort og finne måtar ein kan gjere det betre på.

Informant U legg vektinga ved synleggjering på at barna sjølv skal få sette ord på det dei har lært, ho seier: (...) *vi stiller gjerne litt spørsmål til barna i hentesituasjon, slik at dei får repetere det dei har opplevd, og så kjem dei på kva dei har gjort og lært (Informant U)*. I rammeplanen står det at barnehagen skal bidra til at barn bruker språket til å uttrykke sine erfaringar og opplevelingar (Kunnskapsdepartementet, 2011). Slik eg ser det legg informant U til rette for at barna skal få bruke språket sitt til å uttrykke det dei har lært og opplevd, slik får ein inn læring samtidig som ein synleggjer arbeidet som vart gjort i løpet av barnehagedagen. Også informant V har fokus på at barna sjølv skal få sette ord på kva dei har lært, og saman reflektera ho med dei om kva som skjedde, kvifor og korleis. Pålerud (2013) seier at dokumentasjon av barns læring i barnehagen kan vere med på å la barna medverke og betre forstå læringa som skjer. Om ein heng opp bileter av det dei har jobba med i barnehagen, på barnas nivå, kan ein nytte dette til å reflektere med barna over kva ein har gjort å lært. Viktig å tenke over at dokumentasjon er ikkje berre for personalet og føresette, men like mykje for barna.

Det å definere kor mykje tid dei brukar i kvardagen på å synleggjering av barns læring, var ikkje noko enkelt ifølgje informantane. To av informantane oppleve at det variera mykje frå dag til dag kor mykje tid dei brukar på synleggjeringa. Informant U seier at ein kommunisera med barna gjennom heile dagen og slik sett ord på læringa som skjer, men at det er lettare å synleggjere kva ein har jobba med fordi dette har ein gjerne bilet av, men der er ikkje så enkelt å måle læring. Her vil eg seie meg einig, ein kan ikkje seie at i dag har barna lært det og det fordi det er kunn barna sjølve som kan definere kva dei har lært. Alle barn lærer forskjellig og på forskjellig tid, også sjølv om dei har fått erfart det same.

Informant T opplever det å synleggjere barns læring som tidskrevjande, og at det tar for mykje av den ubundne tida. Ho seier vidare at det er ikkje der det skal komme, men at tida strekk ikkje til i kvardagen. Ut i frå svaret til informant T blir det tydeleg at å synleggjere barns læring tar ein stor plass i barnehagekvardagen. Informantane opplever press utan i frå på å synleggjere all læringa som skjer i løpet av kvardagen. Dei opplever at dei heile tida må forsvare det dei gjer og kvifor dei vel å gjere det slik. Det er for meg viktig å synleggjere for folk utanfor barnehagen kva ein jobbar med i barnehagen og kvifor, på denne måten kan dei i barnehagen få fram viktigeita ved jobben dei gjer. Men eg om mine informantar opplever press på denne synleggjeringa, så bør barnehagane anten få meir tid, meir personale eller litt mindre krav.

Vidare går eg no over til å drøfte det informantane sa i høve kva plass læring har i dagens barnehage.

5.4. Læringa sin plass i barnehagen

I følgje rammeplanen skal barnehagen vere ein arena som fremma læring og utvikling, i tillegg til å styrke barnas eige ønske om å lære (Kunnskapsdepartementet, 2011). Dette sitatet frå rammeplanen seier meg at det skal vere fokus på læring i barnehagen, men kor mykje opplever informantane at læring tar? Informant T seier at ”*læring tar ikke plass, den berre er der*”. Slik eg tolkar hennar utsakn er at ho ser ikkje på læring som noko som krev plass, men det er der og høyrer heime i barnehagekvardagen. Ho seier vidare at alle situasjonar er læringssituasjonar, det kjem berre ann på personalet si bevisstheit. Slik eg ser det kan læring vere ein del av kvardagen utan å vere ein byrde. I følgje Pålerud (2013) kan alle situasjonar i barnehagen vere læring, sjølv utan at dette var målet i situasjonen. Eg kan knytte informant T sitt svar til Pålerud sitt utsakn, læring kan skje kor som helst og når som helst i kvardagen. Så lenge personalet er bevisste og ser barns læring kan ein finne læring i alt.

Informant V opplever at læring tar ein stor plass, og at det blir krevd det skal ta stor plass. Ho seier vidare at læringa tar ikkje for stor plass, men at det er press på alt det organiserte og pedagogiske ein skal nytte i læringa. Ho nemner Snakkepakken og Mattepakkene som eksempel. Ho seier også at det blir feil å seie at læring tar for stor plass, men at mange gløymer leiken og at læringa skal skje på barns eigne premissar. Slik eg tolkar informant V er at ho vil ha meir fokus på barnet og deira interesser, ikkje ha for mykje fokus på planlagde og skuleretta læring. Lillemøy (2013) seier leik er viktig læring på grunn av motivasjonen og engasjementet som kjem når barnet sjølv vil det. Det er dette eg opplever at informant V vil ha meir fram i lyset. Barn lærer mykje gjennom å sjølv få utforske og utfalde seg. Leiken er barns måte å gjere seg kjend med verda på (Samuelsson & Carlsson, 2009), slik må barnehagen ta vare på barns leik og deira måte å lære på. Leiken er etter mi mening læring på barns premissar, barn leiker for å leike, men dei lærer også mykje ved å få utfalde seg og utforske gjennom sine eigne metodar.

Også informant U opplever at læring tar ein stor plass i barnehagekvardagen, ho seier det slik:

Det tar jo ein stor plass, det gjer det. Du er jo bevisst på å legge inn læring der du kan (Informant U).

Også i Østrem m.fl. (2009) sin studie kom det fram at læring tar stor plass i barnehagen, men den bør også ha ein viktig plass. Læring høyrer liksom heime i barnehagen, i følgje dei som jobbar der. Eg opplever også at læring høyrer heime i barnehagen, men kor mykje plass skal ein tildele læring? Og det vert ikkje rett å la det gå ut over leiken, slik som det kan tyde på at det gjer av mine informantar.

Eg går no vidare og drøftar informantane si forståing av om læringssynet har vore i endring i løpet av deira yrkesliv i barnehagen.

5.5. Endra læringssyn i eit tidsperspektiv

Som nemnd tidlegare i studien ville eg sjå korleis informantane opplevde at læring har endra seg på den tida dei har jobba. Alle informantane ønska endring i deira læringssyn og oppleve ei endring etterkvar som ein blir meir bevisst på det. Informant T seier det har blitt meir fokus på læring i fagtidsskrifter og ved ulike kurs, dette gjer at ein blir meir bevisst på det sjølv også. Om ein ser på studien til Bente Vatne (2012), der fekk pedagogane svare på kor mykje dei la vekt på læring og korleis rammeplanen la vekt på læring. I hennar studie kom det fram at læring var på tredje plass av det pedagogane la vekt på, sjølv om dei også svarte at læringa hadde økt i rammeplanen (Sjå tabell 1 og 2 i kap.2). Informant T seier at ho blir meir

bevisst på læring i barnehagen nettopp fordi rammeplanen og andre fagskrifter legg meir vekt på det. Informant U ser også ei endring i sitt læringssyn, ho seier ho har blitt meir bevisst på å ta læring inn i kvardagssituasjonar. I dagens barnehagar strekk ikkje tida til på grunn av utvida opningstid, så det å sjå læring i alle situasjonar blir viktig.

Informant V opplever at hennar læringssyn er i utvikling heile tida, og at det utviklar seg med miljøet og samfunnet rundt. Etter kvart som læring er i endring er det berre naturleg at også læringssynet til dei som jobbar i barnehagen endrar deg. Men om alle er open for denne endringa er ein anna sak, eg meina at når ein jobbar i barnehage bør ein følgje med på alle endringar som skjer og arbeide ut i frå dette. Slik vert rammer og lover følgt samtidig som at ein heile tida utviklar barnehageprofesjonen.

6.0. Oppsummering

I denne studien ser vi at omgrepene læring i barnehagen blir tett knytt til utvikling, sjølv om informantane i utvalet ser på det å definere læring som krevjande. Informantane i utvalet ser på mykje av det som skjer i kvardagen som læring kjem fram i empirien. Prosessar som gir ei utvikling hos barnet er læring, slik dei ser det. I rammeplanen for barnehagen (2011) blir læring satt i fokus, dette opplever også mine informantar. Også i rammeplanen blir det lagt vekt på at læring skal kunne skje gjennom heile barnehagekvardagen, her er det opp til personalet å sjå den og sette ord på den. Dette er også informantar i denne studien einige i, om dei vaksne er bevisste kan ein sjå læring i nesten alt som skjer i kvardagen.

Informantane i utvalet ved denne studien synest også å vere einige om at læring i kvardagssituasjonane er den viktigaste læringa som skjer i barnehagen. Dette både på grunn av lite tid til overs i ein barnehagekvardag, men også for å legge til rette for barns medverking og spontane læring. Informantane her er også einige i at leiken er ein viktig læringsarena, noko som også teorien seier. For å oppnå læring i kvardagssituasjonar blir det også her viktig å ha bevisste vaksne, som ser og sett ord på læringa som skjer.

Resultata syner at det å synleggjere barns læring i barnehagen kan vere krevjande, i tillegg til at det kan krevje mykje av tida. Verktyet som er mest nyttar for informantane i dette utvalet mest er dokumentasjon til foreldra og inne på avdelinga, samt støtte barna til å sette ord på eiga læring og oppleveling. Informantane her seier også at det er lettare å synleggjere kva ein har gjort, og kanskje ikkje så enkelt å konkret kunne seie kva ein har lært.

Resultatet frå denne studien tyder på at læring tar ein stor plass i barnehagen, men det kjem også fram at den bør ha ein viktig plass. Barnehagen er ikkje lenger berre ein stad der

barn blir passa på, men ein plass for læring. Men resultata frå studien antyder at personalet er opptekne av er å behalde den gode barndommen, og ikkje la læringa ta over for leiken. Slik kan barnehagen starte å minne meir om skulen. Det informantane i dette utvalet ser på som den største utfordringa, er presset utan i frå på å synleggjere alt ein gjer, og alt ein lærer i barnehagen. Dei oppleve å alltid må forsvare det ein gjer i høve læring.

Det eg har lært ved å gjennomføre denne studien vil eg ta med meg vidare i mitt arbeid som leiar i barnehagen. Eg vil vere bevisst på å sjå læring i kvardagen, samt hjelpe barn til å sjå eiga læring. Også det å synleggjere læringa som skjer i barnehagen kan vere med på å heve barnehageprofesjonen fordi barnehagens skal vere ein plass for læring og utvikling.

Om eg hadde fått moglegheita til å jobbe vidare med denne studien ville eg ha intervjuet fleire informantar, for å få ein enda breiare forståing på korleis personalet i barnehagen har av læringssyn i lys av den nye rammeplanen for oppgåvene til barnehagen, og kva plass dei oppleve at læring tar i barnehagekvardagen. Eg ville også ha gått inn i barnehagane for å observere kor mykje plass læring faktisk tar i dagens barnehagar, og undersøkje om dette står i samsvar med kva informantane fortel om praksis. Læring er mykje forska på, men eg meiner at vi alltid burde forske på dette, for å følgje med på endringane og å vidareutvikle profesjonen.

Litteraturliste

- Alvestad, M. (2012). *Førskolelærere om læring i barnehagen – Spor av læringskulturer*. I: Vist, T. Og M, Alvestad. (Red.). (2012). *Læringskulturer i barnehagen*. Flerfaglige forskningsperspektiver. Cappelen Damm AS.
- Befring, E. (2015). *Forskningsmetoder i utdanningsvitenskap*. Cappelen Damm AS.
- Benn, S. (2003). *Det å oppdage barns læringsprosess*. I: Johansson, E. & I. P Samuelsson. (Red.) (2003). *Barnehagen – barnas første skole*. Gamlebyen Grafiske AS.
- Bø, I. & L, Helle. (2013). *Pedagogisk ordbok. Praktisk oppslagsverk i pedagogikk, psykologi og sosiologi*. 3.Utgave. Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Kunnskapsdepartementet. (2011). *Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen*. Oslo: Departementet.
- Lillemyr, O.F. (2013) *Læring i barnehagen*. I: Foss, E. & O. F. Lillemøy. (Red.). (2013). *Til barnas beste. Veier til omsorg og lek, læring og danning*. Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Pålerud, T. (2013). *Didaktikk for en demokratisk barnehage*. Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Samuelsson, I. P. & M. A. Carlsson. (2009). *Det lekende lærende barnet i en utviklingspedagogisk teori*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Vatne, B. (2012) *Innhald i barnehagen i lys av politisk fokus på barnehagefeltet. Nordiskbarnehageforskning*. Vol 5/20.
- Østrem, S., Bjar, H., Fosker, L.R., Hogsnes, H. D., Jansen, T.T., Nordtømme, S., Tholin, K. R. (2009). *Alle teller mer: En evaluering av hvordan Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver blir innført, brukt og erfart*. Rapport nr. 1. Tønsberg: Høgskolen.

Vedlegg

1. Intervjuguide

INTERVJUGUIDE

Semistrukturert intervju, pedagogiske leiatarar i barnehagar

Dato gjennomført:

Kode:

1. Fortel meg litt om din bakgrunn

- Førskulelærarutdanning kvar og når vart du ferdig?
- Arbeidserfaringa di, både i og utanfor barnehage
- Når tok du til i denne barnehagen
- Eventuelt anna informasjon.

2. Kva legg du i omgrepet læring?

3. Korleis oppfattar du læringssynet som du finn i dagens rammeplan?

4. Korleis legg du til rette for barns læring i kvardagssituasjonar?

5. Kva legg du vekt på når du jobbar med barns læring i barnehagen?

6. Korleis synleggjer du barns læring i barnehagen?

7. Kor mykje av barnehagedagen vil du seie går med på å synleggjere barns læring?

8. Har du mykje fokus på læring i barnehagen? (På ein vanleg barnehagedag)

9. No når rammeplanen har økt fokuset på læring. Har noko anna måtte vike? Eventuelt kva og på kva måte?

10. Har synet på læring i barnehagen endra seg i den perioden du har jobba? Eventuelt på kva måte?

11. Har du endra ditt syn på læring i den perioden du har jobba? Eventuelt på kva måte?

12. Kva plass vil du seie at læring tar i barnehagen i dag?

2. E-post til styrar

Navn:

Adresse:

E-post:

Forespørsel om å delta på eit forskingsintervju i forbindelse med ei bacheloroppgåve.

Eg heiter _____ og er 3.års student på barnehagelærarutdanninga ved Høgskulen i Volda, og eg skal skrive ei bacheloroppgåve no i haust. I den forbindelse er eg ute etter informantar som vil stille til intervju, som skal nyttast i ein kvalitativ studie.

Studien har barns læring som tema og kva plass den har i barnehagen. Eg har formulert problemstillinga; **Kva plass har læring i barnehagekvardagen?** For å finne svar på denne problemstillinga vil eg ut å intervju pedagogiske leiarar i barnehagen og høyre kva dei legg i omgrepet læring og kva plass dei oppfattar at læring tar i ein vanleg barnehagedag.

Eg har eit ønske om å få gjennomført intervjuet før oktober og helst så snart som råd. Høgskulen i Volda har lagt opp til at vi har torsdagar og fredagar tilgjengeleg til dette arbeidet. Vi kan saman avtale tid og stad. Sjølv intervjuet vil ta om lag 30min og eg vil gjere lydopptak av intervjuet, om dette blir gitt samtykke til. Alt vil verte anonymisert og ingen andre enn meg vil ha tilgang på materialelet. Etter at studien er godkjent vil intervjuet verte sletta og makulert.

Deltaking er frivillig, og du kan når som helst trekke tilbake samtykke utan vidare grunngjeving. Alt materiale vil då verte sletta.

Har du spørsmål om studien kan du ta kontakt med meg på telefonnummer 12345678, eller sende meg ein e-post til _____

Eg ringjer om nokre dagar og så høyrer eg om dette er mogleg å organisere.

Inntil då: Ha fine barnehagekvardagar

Helsing _____

3. Samtykkeskjema

Skjema for samtykke for intervju knytt til bacheloroppgåve

Informasjon om bacheloroppgåve

Bacheloroppgåva er knytt opp mot kunnskapsområdet Barns utvikling, leik og læring (BLUBULL) i barnehagelærarutdanninga ved Høgskulen i Volda. Oppgåva har læring som hovudtema og problemstillinga: **Kva plass har læring i barnehagen?**

Oppgåva skal jobbast med fram til 21.desember 2015. Bacheloroppgåva handlar om å starte ein studie om eit sjølvvalt tema og i den forbindelse reise ut i barnehagar å intervju informantar. I denne studien skal eg gjennomføre semistrukturerte intervju med pedagogiske leiarar i barnehagen om korleis dei ser på omgrepene læring og kva som er læringas plass i barnehagekvarden. Under intervjuet vil det verte tatt opptak av heile samtalen, og seinare transkribert. Den innsamla informasjonen vil verte nytta til drøfting og som data i den aktuelle bacheloroppgåva.

Anonymitet

Det transkriberte intervjuet vil bli gjort anonymt, det vil seie at ingen andre enn meg får vite kven som har blitt intervjuet, og informasjonen vil ikkje kunne bli tilbakeført til deg. Etter at oppgåva er godkjend vil heile datamaterialet bli destruert, det vil seie sletta og makulert. Du kan når som helst avslutte intervjuet, eller trekke tilbake informasjon du har gitt intervjuet, utan nærmere grunngjeving.

Før intervjuet startar, ønskjer eg å be deg om at du samtykker i å delta. Det gjer du ved å underteikne på at du har lest og forstått informasjonen på dette arket, og at du ønskjer og delta.

Samtykke

Eg har lese og forstått innhaldet i informasjonen, og gjev mitt samtykke til å delta i intervjuet.

Stad og dato

Signatur